
NKA 4/25	Årsmelding 2024
Saksdokument:	a Årsmelding 2024
Vedlegg:	a Medlemsakademier 2024 b Kronologisk programoversikt 2024

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldingen for 2024.

ÅRSMELDING 2024

NORSKE KYRKJEAKADEMI



1. MEDLEM I NORSKE KYRKJEAKADEMI

Ved utgangen av 2024 hadde Norske kyrkjeakademi 82 medlemsakademi. Årsmøtet 2024 tok opp Tirsdagsforum Greåker som medlem i NKA.

2. MEDLEMSAKADEMIA

I 2024 gjennomførte kyrkjeakademia ei rekke arrangement som dekte eit breitt spekter av tema innan tru, kultur, historie og samfunnsdebatt. Mange akademi arrangerte foredrag som kasta lys over kristne grunnverdiar, samfunnsutfordringar og aktuelle problemstillingar, inkludert klimaspørsmål, regionsdialog og rettar til urfolk.



Årets program vitnar om ein rik og variert tematikk som spenner frå historiske refleksjonar til brennaktuelle samfunnsspørsmål. Dette inkluderer foredrag, konserter, seminar og kunstutstillingar. Særleg fekk arrangement som kombinerte kunst og tru stor merksemd, og synte behovet for arenaer der desse to

felta kan møtast og inspirere kvarandre.



Her kjem nokre få døme av dei fleire hundre arrangementa:

I januar vart det arrangert fleire foredrag og seminar. Blant desse var kulturutvalet i Frogner, der Aud V. Tønnessen heldt foredraget «*Transatlantiske impulsar: Kvinnesak og kristendom i Aasta Hansteens liv og virke*». Nordre Aker kyrkjeakademi vidareførte si tradisjon med temaforedrag, blant anna med «*Kristenretten i tusen år*» ved Tine Berg Floater, St. Olav kyrkjeakademi synte forestillinga «*Leonard Cohen: Populærkulturens jødiske mystiker*» ved Solveig Slettahjell og Øivind Varkøy og Stavanger kyrkjeakademi hadde «*Det gamle testamentet som problem og ressurs*» ved Knut Holter.



I februar inkluderte programma fleire seminar, mellom anna «*Putin sin heilage krig*» ved Helge Simonnes, arrangert av Lillesand kyrkjeakademi. Katolsk forum i Stavanger var også vertskap for «*Mi veg til den katolske kyrkja*» med Ulf Ekman og Pål Johannes Nes. Steinkjer kyrkjeakademi hadde vitjing av Rolf Steffensen som snakke om Den norske kyrkja sin rolle i fornorskinga

av samar, kvenar og skogfinnar. Gjennom mars og april vart ei rekke tema som kristenrett, samfunnsspørsmål og religiøse tekstar løfta fram i ulike akademi. Til dømes hadde Fredrikstad kyrkjeakademi eit foredrag om Israel-Palestina-konflikten, medan Drammen kyrkjeakademi fokuserte på «*Krigens rett og urett*».



I mai vart det arrangert fleire djuptgåande foredrag og kulturelle arrangement. Larvik kyrkjeakademi utforska temaet «*Rase, religion og politikk i julekrybba*» ved Halvor Moxnes, medan Sommarakademiet i Holmsbu opna med «*Tett på kunstnaren i Holmsbu*», eit personleg innblikk ved Pål Berg.



I juni vart det arrangert fleire minneverdige opplevingar, som Ringsaker kyrkjeakademi sitt foredrag «*Tre religionar sitt syn på tilgiving og forsoning*» med Ole Kristian Bonden, Ervin Kohn og Amina Selimovic.

Sommarakademiet i Holmsbu heldt fram med høgdepunkt som «*Med mine øye*» ved Heidi Halvorsen og opning av utstilling med kunstnaren Anita Greve.



Juli markerte sommarens kreative høgdepunkt, der Sommarakademiet i Holmsbu presenterte ei rekke kunstførestillingar, inkludert «*Ei ny jord?*» av Uno Vesje og «*Vegen til Emmaus*» av Marit Sehl og Monica Tomescu-Rohde. Fleire akademi, som Sør-Gudbrandsdal og Rennesøy og Finnøy kyrkjeakademi, markerte Olavsdagen og Olsok, med fokus på historiske og religiøse tradisjonar.



August månad tok opp tema som keltisk spiritualitet og miljøengasjement. Rennesøy og Finnøy kyrkjeakademi inviterte Harald Grønnevik til å snakke om keltisk spiritualitet, medan Ringsaker kyrkjeakademi arrangerte friluftsgudstenesta «*Messe for ei trua verd*», som utforska naturens sårbarheit.



I september vart tema endå breiare, med foredrag som «*Bibelomsetjing i møte med sensitive lesarar*» av Moss kyrkjeakademi og «*Kunstig intelligens og makt*» ved Lillesand kyrkjeakademi. Karmøy kyrkjeakademi inviterte til ein konsert med Song Circus, og Drammen kyrkjeforum presenterte forteljarframsyninga «*Moses draumaren*» med Helga Samset.

Oktober inkluderte refleksjonar over politiske og religiøse spørsmål, som «*Donald Trump – Vårherres krigar?*» ved Domkirken Teologicafé. Sør-Gudbrandsdal kyrkjeakademi markerte også 100-årsjubileet for Sigrid Undsets konvertering til katolisismen. I Elverum kyrkjeakademi snakka Trond Berg om «*Kjønn og skjønnhet i naturen*».



November heldt fram med fleire foredrag om presidentvalet i USA og «*Kristninga av tida – 1000 år med helgedagar*» ved Domkirken Teologicafé. Sylo Taraku gav eit europeisk perspektiv på geopolitisk endring med foredraget «*Krigens kontinent*» ved Drammen kyrkjeforum.

Desember avslutta året med adventsfeiringar og musikk. Rennesøy og Finnøy kyrkjeakademi arrangerte eit foredrag om Handels Messias, medan Katolsk forum Asker og Bærum heldt sitt årlege «*Musikalske adventsforedrag*» med Wolfgang Plagge.

Toten kyrkjeakademi markerte høgtida med arrangementet «*Jul i Steinberg*».



Hamar kirkeakademi hadde ei juleavslutning der Solveig Fiske og Trond Våge hadde som tema «*Vær hilset, Maria. Om jomfru Marias rolle i fortid og nåtid.*»



Det er framleis stor breidde i aktivitetane og tematikken. Dei fleste akademia som har aktivitet, fordeler 6-8 arrangement gjennom året, medan nokre har konsentrert si aktivitet i ein festival eller kulturveke. Eksempel på dette er Tromsø internasjonale kyrkefestival og Festspela i Kristiansund. Desse gjennomførte sine arrangement som vanleg på hausten.

Fleire kyrkjeakademi markerte 1000-årsjubileet for kristenretten med arrangement der dei tok opp kva innføringa av kristenretten har hatt å seie for lov og verdiar i Noreg sin historie.



Jørn Øyre hagen Sunde har vore på mange akademi og snakka om både kristenretten og Magnus Lagabøte sin landslov.

Fleire akademi fekk også besøk av Eivor A. Oftestad med foredraget «*Da tida blei kristna*».



Primstavar, kyrkjeklokker og kalendrar frå mellomalderen syner ein ny måte å tenke tid på. Liturgien knyter døgnets og årstidene sine rytmar saman med Kristi liv og helgenane. Kva slags tidsforståing er eigentleg dette?

Foredraget «*Johannes openberring – ei samtidsvisjon?*» er også på fleire plakatar i år. Foredragshaldar Hans Johan Sagrusten har besøkt Arendal, Grimstad og Hamar kyrkjeakademi.



Også i 2024 har generalsekretær Kristin Gunleiksrud Raaum vore ein sentral foredragshaldar ved fleire kyrkjeakademi, og ho har bidrige med innsikt i ulike tema som knytt til kyrkje, samfunn og tru.



I foredraget «*Det kristne i kulturen – nostalgi eller framtidstru?*» utforskar Kristin Gunleiksrud Raaum korleis dei kristne verdiane som har forma Noreg gjennom 1000 år framleis kan vere relevante i vår tid. Kva betyr dei gamle bibelfortellingane, kyrkjebygga og dei lange linjene? Er det berre nostalgi, eller ligg det eit viktig framtidshåp i det? Korleis kan kristen tru og tradisjon finne si plass i eit moderne samfunn og møte utfordringar i ei sekulær tid?



Presidentvalet i USA har også dukka opp fleire gonger i løpet av året. Både Nordstrand

og Ljan kyrkjeakademi og Domkirken Teologicafé hadde besøk av Helge Simonnes. Foredraget «*Donald Trump – Vår herres krigar?*» utforska også korleis denne typen politisk-religiøs kopling påverkar amerikansk samfunn og internasjonale relasjoner.

Kristian Berg Harpviken tok for seg korleis det amerikanske presidentvalet ikkje berre påverkar USA, men også resten av verda. Harpviken belyste korleis endringar i amerikansk politikk kan få store ringverknader innan internasjonal handel, klimaavtalar og tryggleikspolitikk.



Dei aller fleste arrangementa i regi av kyrkjeakademia er gjennomførte på grunnlag av frivillig innsats, og mange av akademiet samarbeider med andre aktørar i lokalmiljøet, som sokn, bibliotek, historielag og ulike lokale organisasjonar. Det er og stort spenn i kva slags lokale akademiet arrangerer sine møte i. Arrangementa gjennomførast i kyrkjer, kaféar, kinoar, bibliotek og skular, rådhus og kulturhus. Mange akademi er aktive på sosiale medium med eigne sider på Facebook. Desse lagar og deler arrangement på Facebook, noko som er med på å synleggjere rørsla og dei tema vi er opptekne av.

Tromsø Internasjonale Kyrkefestival (TIK) er framleis ein festival som pregar byen med arrangement i mange av Tromsøs kyrkjer. I 2024 fekk publikum sjå utstillinga «*Og fred på jorda*» med kunst frå Kjell Pahr-Iversen. I tillegg vart det arrangert fleire filmvisningar,

salmekveldar og konserter.



Akademiet sine program bidreg i stor grad til å skape ein open og kvalifisert samtale om sentrale spørsmål innan kultur, samfunn og religion.

Klima og miljø er alltid aktuelt og var på mange av kyrkjeakademiet sine agenda også i år, både som lokale spørsmål og dei store, globale spørsmåla.

Ringsaker kyrkjeakademi fekk besøk av Marit Beate Kasin som tok opp «*Naturparadokset. Om naturen vi mister og korleis vi kan få den tilbake*».

Drammen kyrkjeakademi fekk besøk av Elin Lundestad med foredraget «*Klimaendringar – Kva er forskingsstatus?*»



Spørsmål knytt til å vere menneske var også i år til stades på fleire av akademiet sine program. Ingvard Wilhelmsen, med sitt foredrag «*Sjef i eige liv*», besøkte både Ringsaker kyrkjeakademi og Son kulturkyrkje. Wilhelmsen snakka om korleis vi taklar press, omstilling, usikkerheit og risiko. Som alltid med god formidlingsevne og glimt i auga. Nittedal kyrkjeakademi tok opp det vanskelege spørsmålet «*Livshjelp og*

dødshjelp: Medisinsk etikk når livet går mot slutten».



Desse akademia søkte og fekk prosjektstøtte til eit arrangement:

Holmsbu sommarakademi fekk kr 10 000 til prosjektet Pär Lagerkvist sitt forfattarskap.
Sandefjord kyrkjeakademi fekk kr 10 000 til førestillinga Maryam i koranen.

Kampen kyrkjeakademi fekk kr 3000 til Solidaritetssamling med det palestinske folket

Drammen kyrkjefekk kr 10 000 til førestillinga Moses

Karmøy kyrkjeakademi fekk kr 15 000 til Olavsdagane 2024

3. ÅRSMØTET



Årsmøtet i 2024 blei halden 15.-17. mars på Sanner hotell på Gran, Hadeland.

Årsmøtet gir representantane for dei ulike medlemsakademia eit særleg høve til å kome saman, få inspirasjon av kvarandre og knyte band mellom ulike akademi.

Årsmøtet handsamar ordinære årsmøtesaker, mellom anna budsjett, årsmelding, strategiplan og rekneskap, i tillegg til Nasjonaljubileet 2030 og kyrkjebevaringsprogrammet.



Årsmøtet opna ved at styreleiar Kjell Y Riise held leiar sin tale.



Årsmøtet vedtok å ta opp Tysdagsforum Greåker som medlem i Norske kyrkjeakademi.

Fredag kveld var det samling i flygelsalongen, der Kjell A. Nyhus snakka om Jon Fosse og mystikken.



Årsmøteseminaret vart halden i Mariakyrkja. Jørn Øyrehaugen Sunde snakka om Kristenretten på Moster i 1024 og Landslova av 1274. Elisabeth Andersen tok oss med på ei reise gjennom kyrkjerommet sin historie. Tilslutt held generalsekretæren ei tale om Nasjonaljubileet som ein mogelegheit til å løfte blikket.



Laurdag kveld var det framføring av førestillinga Jobs bok av Helga Samset, og etterpå samtale med henne og professor Terje Stordalen. Det var tidebøner morgen og kveld og sundag var det gudsteneste i Mariakyrkja.



4. VERKSEMDA SENTRALT



4.1 Styret

Styret si samansetjing i 2024 har vore:

Styreleiar:

Knut Refsdal

Medlem:

Bodil Evjenth, Kiriaki Papadopoulou

Samuelsen, Tor Sørby, Mette Langfeldt

Arnstad, John Erik Brakstad og Grete Refsum.

Varamedlem:

Frank Grimstad og Hilde Eskild.

Styret har hatt seks møter i 2024, tre av dei var digitale. Styret handsama 50 saker.

Protokoll frå styremøta vart lagde ut på NKA sine heimesider.



14.-15. oktober var det eit felles styremøte mellom styret for Sigtunastiftelsen i Sverige og styret for Norske kyrkjeakademi. Møtet var halden på Granavolden gjestgiveri. Dei to styra hadde samtalar om felles historie, verdiar og arbeid. Sigtuna sin styreleiar biskop emeritus Åke Bonnier heldt ein felles morgonbøn i Mariakyrkja. NKA sin generalsekretær heldt eit kåseri om Kyrkjeretten frå Moster og Magnus Lagabøte sin Landslov.



NKA er medlem i Frivillighet Norge. Generalsekretæren har vitja kyrkjeakademiet fleire stader i landet, med foredrag om kulturarv, kunst i kyrkja og utviklinga i Den norske kyrkja. Sekretariatet sender jamnleg ut informasjon om frister, om aktuelle arrangement, bøker og liknande per e-post. På heimesida ligg også samla oversikt over arrangement i akademiet i tida som kjem.

4.2 Brubyggjarprisen

Brubyggjarprisen vert delt ut til ein person, organisasjon eller institusjon som på særskilt vis har bygd bruver av innsikt og forståing – og

som har stimulert til å utvikle kontakt og dialog mellom ulike grupper i samfunnet. Norske kyrkjeakademi har delt ut Brubyggjarprisen sidan 1983. Medlemsakademiet kan nominere kandidatar til prisen, og styret i Norske kyrkjeakademi tildeler prisen.



Brubyggjar vart delt ut 13. august under Arendalsuka til Kirkens Nødhjelp. NKA sin styreleiar Knut Refsdal delte ut prisen til generalsekretær Dagfinn Høybråten som tok imot på vegne av Kirkens Nødhjelp.



Prisen vart delt ut under ein økumenisk fredsgudsteneste arrangert av Norges Kristne Råd. Kyrkja var tilnærma fullsett. Tema for gudstenesta var Dei gløymde krisene. Dette vart ei god ramme rundt utdelinga av Brubyggjarprisen 2024.

Namnet på prisen

I 2024 vart det ein del merksemd rundt namnet Brubyggjarprisen. Dei siste åra har det vore litt forvirring om kven som får prisen. Denne forvirringa kjem av at *14. augustkomiteen* og har ein pris som vert kalla Brubyggjarprisen. *14. augustkomiteen* har ansvaret for å markere Pakistan sin nasjonaldag i Noreg.

I 2017 – same dag som NKA delte ut prisen til Refugees welcome to Norway – dukka det opp der det sto at Brubyggjarprisen gjekk til biskop Ole Christian Kvarme og Canadas statsminister Justin Trudeau.

Det har gjennom åra vore ein del kontakt med *14. augustkomitéen*, der NKA her bedt dei om å endre namnet på sin pris. Det har ikkje kome noko svar.

6. august trykka Vårt Land ein større sak om dette, og avisar skreiv og på leiarplass at at *14. august-komiteen* har ansvar for å rydde opp, sidan denne praksisen øydeleggjar for begge prisar ved å skape stadig forvirring.

4.3 KULT - senter for kunst, kultur og kyrkje



NKA er med i stiftelsen KULT – senter for kunst, kultur og kyrkje i Oslo. Som eit ressurs- og kompetansesenter spelar KULT ei nøkkelrolle i å styrke kunsten sin plass i kyrkja og legge til rette for dialog, sikre utveksling av erfaringar og skape møteplassar der menneske med ulik bakgrunn og kulturell tilhøyre kan finne saman.

Odrun Remvik og generalsekretær Kristin Gunleiksrud Raaum representerte NKA i styret for KULT i 2024.

KULT - senter for kunst, kultur og kirke 2024 I 2024 har KULT særleg arbeidd med desse tema:

«Portugisisk forening» under leiing av prest og forfattar Elisabeth Thorsen, og teolog Anders Runesson. Etter modell frå Hellas i antikkens, der folk kom saman, satt i ring og

diskuterte tekstar. Menneske som arbeider med formidling og kreativitet vert invitert til samling i tårnrommet i Jakobskyrkja. Ønsket er å skape eit dynamisk lytteforum der dei bibelske tekstane vert framført munnleg, for så å bli speila av dei som lyttar. Dei skal så bli inspirert til å trekke møtet med bibelforteljinga inn i eige liv og gje dei kreative uttrykk.



Tehus skaper møte mellom kulturtradisjonar; ein tradisjon vi finn gjennom heile den islamske verden. Tehuset er ein møtestad der meininger kan brynst mot kvarandre over eit glas med te. KULT inviterer anerkjente kunstnarar frå ein muslimsk kulturramme til å framføre tekster i ord og tonar. Deira bidrag blir speila av tekster frå den vestlege, kristne kulturtradisjonen. Gjennom poesi, musikk, speiling og dialog oppstår kunstbaserte møte mellom menneske, religionar og kunsttradisjonar. KULT har utvikla ein Tehusmodell, som blir tilbydd til andre arrangørar og arenaer.



Kunst og kaffi er samlingar der frivillege og tilsette blir invitert til å delta i frokostsamlinger med samtale om eit gitt tema i skjeringspunktet kunst/ kirke.


Sofienbergprosjektet. Sofienberg kyrkje er blitt lagt ned som soknekyrkje. No vert kyrkjebygget og kyrkjeparken definert om til eit slags bydelshus; Ein open møteplass for barn, unge, nabolag og Oslo sitt kulturliv.

Bokprosjekt; Påske og pasjon: Vi jobbar no for å få gitt ut eit utval av Påske og Pasjon-tekstene (tidlegare poesi-KULT-prosjekt) i bokform. Målet er utgiving i 2026.



4.4 Nordisk kulturkonferanse

14.-15. juni arrangerte Svenska kyrkan, Sigtunastiftelsen og Norske kyrkjeakademiet ein felles nordisk konferanse på Sigtunastiftelsen. Valet av stad var ikkje nokon slump. I årer det 50 år sidan ein liknande konferanse vart halden på Sigtunastiftelsen, noko som vart inspirasjonen til at Kyrkjeleg kulturverkstad vart skipa. KKV vart eit forbilde for relasjon mellom kyrkje og kulturliv i heile Norden. På . Under årets nordiske kulturkonferanse medverka mellom anna Erik Hillestad, tidlegare kulturminister Amanda Lind, kunstnarane Sara Parkman og Henning Sommero, og teologane Petra Carlsson Redel og Sven Milltoft.



På konferansen var det òg drøfta korleis den auka politiske polariseringa syner kor viktig det er å verne fridomen til kunst og kultur. Det gjeld og i ein kyrkjeleg kontekst. Difor inneheld konferansen tid til byte av erfaring og teologiske samtaler om kulturen sin rolle i kyrkja og kyrkja sin rolle i kulturen. Det var også samtaler om mennesket sin trøng til kultur og spiritualitet.

4.5 Film

Filmseminaret *Den andre sitt ansikt* er lagd på is, og NKA arbeider no på andre vis med film. Det er stadig fleire medlemsakademi som syner film.

NKA er no medlem av Interfilm.



Faith in Film-prisen er oppretta av NKA, Tromsø kyrkjeakademi og KULT. Prisen vert delt ut under Tromsø internasjonale filmfestival. Målet er å løfte

fram film som tar opp religionen sin rolle i menneskelivet og i samfunnet. Prisen skal stimulere til både refleksjon og kritikk om religionen sin plass, og gje innsikt i spørsmål om tru og det andelege.




I år var det ein norsk film som vann prisen; *Straff* av Øystein Mamen.

Dette er ein dokumentarfilm, der med følgjer fire innsette som skal gjennom eit tre veker langt retreatopphold i Halden fengsel.

Sidan 2013 har fengselet hatt eit tilbod om at innsette kan ta del i eit retreat der dei lever som munkar. I 21 dagar skal dei vere tause og trekkje seg attende frå verda. Det einaste avbrotet er ein dagleg samtale med presten. Gjennom desse samtalane får vi høre kva tankar dei har om livet, angar og om ein framtid utanfor murene.

4.6 Nasjonaljubileet 2030



Nasjonaljubileet er ein slags stafett av ulike jubileum fram mot 2030 og markeringa av at det er tusen år sidan slaget på Stiklestad. I 2024 var det ei stor markering av at det var

tusen år sidan innføringa av kristenretten på Moster.

Norske kyrkjeakademi vil setje sitt tydelege preg på tida fram mot 2030, ved å løfta fram verdiar og åndelege perspektiv, og ved å auke kunnskap og innsikt i kor mykje kristendomen har hatt å seie for Noreg. Styret for NKA er og oppteken av at dei neste åra skal gje rom for «den store samtalens» om kva slags samfunn vi har og vil ha framover.



Kronprinsen, stortingspresidenten og statsministeren var mellom dei mange representantane for det offisielle Noreg som var til stades og held talar.



Generalsekretæren deltek i det nasjonale nettverket og har vore med i programkomiteen for Moster 2024, og var til stades under jubileumsmarkeringa. Ho møtte og Nasjonalkomiteen under leiing av


Stortingspresidenten for å snakke om kor strategisk viktig slike store jubileum er for eit land, når me skal halde den store samtalens om verdiar og samfunn i gang, og om kristendomen sin plass i samfunnet. Det vart ei særskilt markering over fleire dagar, der det både handla om historia til Noreg og samtale om verdiar. Særleg var det mykje merksemde rundt Verdiseilasen og verdisamtalar mellom unge frå heile Noreg



Fleire av akademia har hatt arrangement med ulike tema knytt til Nasjonaljubileet. Generalsekretæren har også halde fleire foredrag, mellom anna knytt til verdiar i lovverket, om Kristenretten og Magnus Lagabøte sin Landslov.



Tusenårteppet



For nokre år sidan kom Bodil Evjenth frå Katolsk Forum i Trondheim med ideen om å få laga eit teppe som synte Noreg sin historie. Generalsekretæren har arbeidd vidare med ideen og den vert no ein realitet. Tusenårteppet skal bli vevd og sydd fram mot markeringa i 2030.

17. september vart teppet lansert i Mariakyrkja på Granavollen.



Statsrådane Trygve Slagsvold Vedum og Kjersti Toppe deltok. Dei fortalte at teppet no er kome på statsbudsjettet og at det er sett av 3,1 millionar kroner i 2025. Nordenfjeldske kunstindustrimuseum har prosjektansvaret.

Kronprinsesse Mette Marit Har takka ja til å vere høg beskyttar.



4.7 Olavsfest

St. Olav kyrkjeakademiet var ein av initiativtakarane til Olavsfestdagene. Det har vore tette band mellom kyrkjeakademirøresla og Olavsfest i mange år. Dette ble det ein endring på frå 2023. De siste par årene har imidlertid direktøren Den nye direktøren avvikla samarbeidet med Norske kyrkjeakademiet og andre aktørar på feltet kyrkje og kultur. Mellom anna var tema knytt til tru ikkje lenger med på Vestfrontmøtet. Dette vakte sterke reaksjonar frå mange hald. Leiari i Trondheim kyrkjeakademiet, Odd Anders With, og generalsekretæren for NKA skreiv ein artikkel om at Olavsfest ikkje må kutte banda mellem kyrkje og kultur. Dei uttrykte mellom anna uro for at Olavsfest mister det særeigne preget sitt, og at det kyrkjelege bandet vert framstilt som eit problem.

5. SAMARBEID OG NETTVERK

5.1 Lokalt

Også i 2024 syner programma til medlemsakademiet eit breitt samarbeid i lokalmiljøa, med ei rekke institusjonar og lag, som sokn, kulturhus, bibliotek, historielag, kor og orkester.

5.2 Nasjonalt

Kyrkjeuka for fred



Kyrkjeuka for fred i Palestina og Israel ble arrangert 15.- 22. september. Uka er eit initiativ frå Verdskyrkjearådet. I Noreg er det det Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrkja, Kirkens Nødhjelp, KFUK-KFUM, KFUK-KFUM Global, Norske Kristelege Studentforbund, Kvekersamfunnet/Kvekerhjelpa, Sabeel Kairos Norge, Stiftelsen Karibu, Svenska kyrkan i Oslo og Norske kyrkjeakademiet som er tilslutta Kyrkjeuka for fred. Dei tilslutta organisasjonane har ein koordineringsgruppe som står for planlegginga av uka.



22. september var det i samband med Kyrkjeuka ein fredsgudsteneste for Palestina og Israel i Oslo domkyrkje. Trond Bakkevig heldt preika, musikken var ved Andreas Utnem og Sjur Miljeteig. Eivind Oftebro og Pål Kristian Balstad var liturgar.

5.3 Internasjonalt

5.3.1. Oikosnet Europe



Oikosnet Europe er ein paraplyorganisasjonen for 34 kyrkjelege akademi frå 18 land i Europa. Både katolske, ortodokse og protestantiske institusjonar er med. Norske kyrkjeakademi er eitt av medlemmene. Kvart år deltek meir enn 200.000 menneske frå alle samfunnslag i konferansar, møter, kurs og andre samlingar. Eit breitt spekter av aktuelle tema vert tekne tas opp: klimaendringar; liturgiar for vår tid; kunst i kyrkja digitalisering og kunstig intelligens; høgreekstreme truslar mot demokratiet; antirasisme og antisemittisme; dialog mellom konfesjonar og religionar, og mellom tru, vitskap og kultur.

Årsmøtet i Warszawa



Ein gang i året vert det sett møte mellom medlemmene i Oikosnet Europe til eit kombinert generalforsamling og konferanse med fagleg inspirasjon. I år var medlemmene samla til årsmøte i Warszawa, 2. – 6. oktober. Temaet var *Kyrkjene i sivilsamfunnet*, og tok opp kva utfordringar kyrkjene møter i lys av den sosio-kulturelle situasjonen i Europa. Det heile starta med ein økumenisk gudsteneste.



Forsamlinga drøfta høgreekstremisme, migrasjon, antisemittisme og konsekvensar av krig i ulike delar av verda. Professor Rafał Pankowski held så foredrag om ytre høgre i Polen og korleis dette påverkar det polske samfunnet, og biskop Pavlo Shvarts fortalte om krigen i Ukraina og korleis ein kan støtte dei som får livet truga av krig.

Generalforsamlinga fekk eit møte med Polen sin jødiske historie, mellom anna den jødiske gettoen i Warszawa.

Det var og mange unge stemmer som let seg høyre, og generalforsamlinga var prega av mykje fornying, og eit klårt generasjonsskifte. Generalforsamlinga diskuterte særleg to prosjekt; The Arab-European Citizens' Dialogue og The Oikosnet Europe Youth Project.

Kjell Riise frå Oikosnetstyret har no ansvaret for kommunikasjonen på sosiale media. NKA-styret meiner det er viktig at NKA framleis tek del i desse generalforsamlingane, ikkje minst ettersom NKA sin styreleiar er ein erfaren økumenisk leiarr.



Styret for Oikosnet Europe er sett saman av
Walter Lüssi, styreleiar
Katerina Karkala, nestleiar
Lucia Leonardi
Kjell Y. Riise
Heinz-Joachim Lohmann.

Sekretariatet ligg i Sigtunastiftelsen.

5.3.1. Tyske kyrkjedagar

Norske kyrkjeakademi er den norske kontakten for Tyske kyrkjedagar og er representert i Tyske kyrkjedagar sin internasjonale komité.

Tyske kyrkjedagar vert arrangert kvart andre år, og det kjem fleire hundre tusen menneske frå heile verda.

Neste gong det vert festivalen held i Hanover.

6. TILSETTE I NKA

Fram til 19. april var generalsekretæren vært frikjøpt i 50% på grunn av vernet som Kyrkjerådsleiar for Den norske kyrkja. Ho er den einaste tilsette i NKA. Frå 1. september var generalsekretæren frikjøpt frå IKO – *Institutt for kyrkje og oppvekst* i 40% stilling. Ho har arbeidd med samarbeid mellom kyrkje og skule, knytt til formidling av kyrkjebygg og til nasjonaljubileet. NKA må kjøpe rekneskapstenester og noko administrativ støtte. Generalsekretæren vart i april kåra til ridder av St. Olav sin orden av første klasa. Noko av grunngjevinga var arbeidet for å gjere kyrkja meir open, og for styrkinga av kunst og kultur i kyrkja.

7. ØKONOMI

Årsrekneskapen viser eit underskot på kr 127 538.

Frå 2017 er NKA blitt finansiert over tippemidlane, på linje med Den kulturelle skolesekken.

Styret har hatt ei stram økonomistyring dei siste åra.

Satsane for tilskot til akademia har ligge fast i mange år. Dette medfører ein stor realnedgang for støtta frå NKA til akademia. NKA sitt styre har jamleg gjennom fleire år drøfta den økonomiske situasjonen for akademia og har lagt inn i driftssøknaden til Kulturdepartementet ein auke av det generelle tilskotet med kr 200 000, øyremerka for å auke stønaden til akademia.

8. SLUTTORD

Kyrkjeakademibevegelsen har ei grunnleggjande tru på verdien av dialog. Vi meiner det er trong for møteplassar som er prega av openheit og vilje til å lytte. Vi ser nødvendigheita av å skape arenaer som setter mennesket sin søking etter erkjenning og kunnskap inn i eit dialogperspektiv. Vi vil gje rom for at kunst og kulturuttrykk får forme og fornye dialogen om dei spørsmål som er viktige i tida vi lever i.



NKA og medlemsakademia har og i 2024 løfta desse perspektiva. Mange aktuelle utfordringar er kasta lys over av kompetente foredragshaldarar og kunstnarar. Lista over arrangement som følgjer årsmeldinga, er det god grunn til å vere stolte av.

Åra som ligg framfor oss, er spennande år. Nasjonaljubileet i 2030 og alt det som leier opp til dette, er ei stor markering som vår rørsle er sentral i. Den økonomiske situasjonen for NKA er utfordrande. Styret har i 2024 fortsett arbeidet for å gje oss fleire bein å stå på økonomisk. Dette er enno ikkje fullført og vil halde fram inneverande år. Her har vi ei stor jobb å gjere. Dessutan er det lagd eit grunnlag for å vidareutvikle det nordiske samarbeidet, gjennom kontakten med Sigtunastiftelsen. Det internasjonale samarbeidet gjennom Oikosnet Europe står og føre ei spennande utvikling. Den norske måten kyrkjeakademirørsla er organisert på er spesiell, og vi har von om at den kan inspirere kyrkjeakademiet i andre land, samstundes som det europeiske nettverket er viktig for oss.

Styret takkar generalsekretæren og den innleide rådgjevaren for deira store innsats i 2024. Vi vil særskild takke Kristin Gunleiksrud Raaum. Ho er dedikert og gjer generøst av sin store arbeidskapasitet og kompetanse. Med dei store utfordringane vi står overfor, ikkje minst knytt til økonomi og lokalisering, er det grunn til å vere takknemlege for at ho har fokus på oppdraget og jobben som skal

gjerast, med stor iver, smittande engasjement og ukueleg pågangsmot. Ho gjer ein formidabel innsats heile året, kvar dag, og vår rørsle er i trygge hendar med henne ved roret.

Årsmeldinga er elektronisk godkjent.

Knut Refsdal, styreleiar
Mette Arnstad, John Erik Brakstad, Bodil
Evjenth, Grete Refsum, Kiriaki Papadopoulou
Samuelson og Tor Sørby, styremedlem
Frank Grimstad og, Hilde Eskild
vararepresentantar
.....
Kristin Gunleiksrud Raaum, generalsekretær

MEDLEMSAKADEMIER 2024

Ad Fontes – akademi for musikk og liturgi

v/ Johan Støylen

E-post: post@adfontes-akademi.no

Akademiet Også vi er Kirken

v/ Torstein Seim

E-post: leder@ogsavierkirken.no

Arendal og Grimstad kirkeakademi

v/ Inger Johanne Bolstad

Tlf: 45022988

E-post: ingerjohannebolstad@gmail.com

Auli kirkeakademi

v/ Michael Hoffmann

Tlf: 40763723

E-post: michael@hoffmannfamilie.net

Bjørgvin kirkeakademi

v/ Terje Steen Edvardsen

Tlf: 95756575

E-post: terje.steen.edvardsen@gmail.com

Bodø kirkeakademi

v/ Odd Jarle Eidner

Tlf: 95165334

E-post: oe734@kirken.no

Borgund og Spjelkavik kyrkjekademi

v/ Marit Kaldhol

Tlf: 478 63 687

E-post: maritkaldhol@gmail.com

Det ortodokse kirkeakademiet i Oslo – Ortodokst Forum

v/ Fader Johannes Johansen

Tlf: 23 37 28 57

E-post: fader.johannes@ortodoks.org

Dialog, Son kulturkirke

v/ Svein Gran

Tlf: 404 08 888

E-post: svein@komforlag.no

Domkirkeakademiet i Oslo

v/ Knut Erik Tveit

E-post: knut.erik.tveit@kirken.no

Domkirkens Teologicafé

v/ Dag O. Ottosen

E-post: teologicafe@gmail.com

Dovre kirkeakademi

v/ Hans-Jacob Dahl

Tlf: 61240419

E-post: hajada@online.no

Drammen kirkeforum

v/ Ivar Flaten

Tlf: 41545849

E-post: post@kirkeforum.no

Eidsvoll kirkeakademi

v/ John Granly

Tlf: 46502787

E-post: john@eidsvold.no

Elverum kirkeforum

v/ Synnøve Skura Heggem

-

E-post: synnovesakura@gmail.com

Festspillene i Kristiansund

v/ Magnhild Sørvik

Mob: 41511438

E-post: magnhild@festspillksu.no

www.festspillksu.no

Fredrikstad kirkeakademi

v/ Per Hilding Syversen

Tlf: 91843308

E-post: pehisy@hotmail.no

Gjerdrum kirkeforum

v/ Ingrid-Mia Børke

Tlf: 63 99 20 95

E-post: ingboerk@online.no

Grenland kirkeakademi (I dvale)

v/ Susanne Rimestad

Mob: 98626133

E-post: srime@online.no

Groruddalen kirkeakademi

v/ Carsten Schuerhoff

Tlf: 48279062

E-post: post@groka.no

Hadeland kirkeakademi

v/ Alv Reidar Dale

Tlf: 97826248

E-post: are.dale@icloud.com

Hamar kirkeakademi

v/ Jan Kåre Hummelvoll

E-post: jankhum@online.no

Hareid kyrkjeakademi

v/ Hege Tretnes

E-post: hege.tretnes@hareid.kommune.no

Harstad kirkeforum

v/ Osvald Ludviksen

Tlf: 90161538

E-post: os-lud@online.no

Helgerud kirkeakademi

v/ Turid Skarbø

E-post: ts572@kirken.no

Kampen Kirkeakademi

v/ Rolf C. Andersen

Tlf: 40 22 08 13

E-post: androlf@gmail.com

Karmøy kyrkjeakademi +

v/ Arne Martin Aandstad

E-post: arne.martin.aandstad@karmoykirken.no

Katolsk forum Asker og Bærum

v/ Benedicte Brøgger

Tlf: 46 41 02 45

E-post: benedictebrogger16@gmail.com

Katolsk forum Bergen

v/ Stig Samnøy

Tlf: 909 56 003

E-post: stig.samnøy@hotmail.com

Katolsk forum Stavanger

v/ Anne Marie Gjølme

Tlf: 900 75 746

E-post: annemariegioelme@gmail.com

Katolsk forum Trondheim

v/ Bodil Evjenth

Tlf: 95 21 10 75

E-post: evjenth.bodil@gmail.com

Katolsk-ortodoks akademi

v/ Caroline Serck-Hanssen

Tlf: 918 44 838

E-post: serckhanssen@hotmail.com

Kirkeakademiet i Asker

v/ Inge Westly

E-post: Inge.Westly@mf.no

Kirkelig kulturverksted og Kulturkirken Jakob

v/ Hans Olav Baden

E-post: hansolav@kkv.no

Klokkgarden kulturverksted, Løten

v/ Gina Sigstad

Tlf: 62592273

E-post: gi-ast-s@online.no

Koinonia ortodokst akademi

v/ Maisi Bäckman

Tlf: 92889232

E-post: maisi.b@gmai.com

Kongsberg kirkeakademi

v/ Reidar Aasbø

Tlf: 32 73 34 95

E-post: reidar.aasbo@kongsberg.kommune.no

Kragerø kirkeakademi

v/ Olav Drevland

Tlf: 988 37 224

E-post: olavdrevland@yahoo.no

Kulturkirken Skåre

v/ Tom Landås

Tlf: 934 15 416

E-post: tla@haugesund.kirken.no

Kulturutvalget i Frogner menighet

v/ Mia Tønnesen

Tlf: 95230468

E-post: miatonnesen100@gmail.com

Kvinnherad kyrkjeakademi (I dvale)

v/ Sigfus Mehl

Tlf: 53 48 17 61

E-post: sigfus.mehl@knnett.no

Larvik kirkeakademi

v/ Christian Dag Nilsen

E-post: larvik.kirkeakademi@gmail.com

Lillesand kirkeakademi

v/ Morten Austdal

Tlf: 99407808

E-post: ove.morten.austdal@fagskoleniagder.no

Lommedalen kirkeakademi

v/ Dag Karterud

E-post: dagk@oslomet.no

London kirkeakademi

www.sjomannskirken.no/london

Moss kirkeakademi

v/ Ingvild Osberg

Tlf: 915 18 367

E-post: ingvild.osberg@gmail.com

Nedstrand Kyrkjeforum

v/ Janne Eide

E-post: janne.eide@online.no

Nesodden kirkeakademi

v/ Steinar Glimsdal

Tlf: 92636739

E-post: sghimsdal@gmail.com

Nittedal kirkeakademi

v/ Jounn Elisabeth Berstad Weyde

Tlf: 41316706

E-post: nittedal.kirkeakademi@gmail.com

Nordhordland kyrkjeakademi (i dvale)

v/ Åge Palmesen

Tlf: 452 00 773

Nordre Aker kirkeakademi

v/ Gunnar Grøndahl

Tlf: 91354815

E-post: gugroend@online.no

Nordre Land kirkeakademi

v/ Morten Lossius

Tlf: 48092565

E-post: morten@haugtun.no

Nordstrand og Ljan kirkeakademi

v/ Beate Pettersen

